



Arkiv nr:

Sak nr 8/2017

Møtedato: 5.4.17

Møtestad: Slidre

Saksbehandlar: Harald Ranum

Endring av reguleringsplan for Vasetlie, offentlig ettersyn

Formannskapet har vedteke å legge ut revidert reguleringsplan for Vasetlia til 1.gongs offentlig ettersyn. Planen inneber ingen vesentlege endringar i høve til opprinneleg plan som vart vedteke 30.05.2002 (sak KS-41/02). Planen er tilpassa ny plan- og bygningslov slik at den behandlast som ein detaljplan. Vidare er det og lagt inn tilpassingar på reviderte tomtegrenser m.v. Vedlagt plankart viser aktuelle endringar i forhold til plan frå 2002. Planføresegn vil bli revidert og ein viktig endring her er at det blir lov til inngjerding av hyttetomter.

Det vart i opphavleg plan nekta oppføring av gjerde. Det har vore vanleg å tillate inntil 500 m² inngjerding i andre deler av kommunen. Dette med inngjerding var bakgrunnen for at Vasetlia hytteforening tok opp saka med kommunen. Det er gjennom dialog komme fram til ei løysing der kommunen tek opp reguleringsføresegna for Vasetlia hyttegrend med tanke på å tillate inngjerding.

Ny planføresegn er tilpassa det prinsippvedtaket som kommunestyret gjorde i sak KS- 81/16. Ein opnar for inngjerding av 500 m² + tillatt utnyttingsgrad (15 %). Storeik på inngjerding vil derfor variere etter tomtestorleik.

Beite bli noko redusert ved at det blir inngjerding, men ein vil kunne hindre ein del konflikhtar knytt til beitring. Samla sett bør det derfor vera ein fordel for beiteinteressene at hyttene blir gjerda inn.

Ferdsl i området kan bli hindra ved inngjerding av tomtene. Det er likevel så stor avstand at det ikkje bør vera eit hinder for å godkjenne inngjerding. Preparering av skiløyper krev meir rom enn det som er vanleg ferdsl. Skiløyper er ikkje vist i kartet og det er vanskeleg å sjå om det kjem i konflikt med skiløypene. I området mellom Gamlevegen og Valtjednvegen kan det bli dårleg plass for skiløyper om det blir ført opp gjerde for nær skiløypa. Kommunen må ha nært samarbeid med løypelaget for å sikre at det blir tilstrekkeleg areal tilgjengeleg for preparering av skiløyper.

Framlegg til vedtak:

Fjellstyret har ingen merknader til endring av reguleringsplan, men ein ber kommunen å sikre at det blir tilstrekkeleg areal til preparering av skiløype.

Vedtak:

Fjellstyret har ingen merknader til endring av reguleringsplan, men ein ber kommunen å sikre at det blir tilstrekkeleg areal til preparering av skiløype.

Vedtaket er samrøystes.

Vestre Slidre fjellstyre den 6.4.17


Harald Ranum
sekretær

Utskrift: Vestre Slidre kommune
Statskog